



Planrapport 2018

Regional og kommunal planlegging



OM PLANEN

Planen er utarbeida av planseksjonen, Hordaland fylkeskommune

Ansvarleg: Nina Gjester Hoel

Førstesidebilete: Odda sentrum. Fotograf: Nina Gjester Hoel

Alle bilete i rapporten er Hordaland fylkeskommune sine egne, med mindre anna står spesi.

INNHALD

Føreord	5
1 Regional planlegging	6
1.1 Regional planstrategi	6
1.2 Våre regionale planar - ny aktivitet	7
1.3 Gjeldane regionale planar	11
1.4 Regionale planar under arbeid i 2018.....	11
2 Kommunal planlegging	12
2.1 Kommune– og kommunedelplanar	13
2.2 Reguleringsplanar	16
2.3 Handel og samtykkehandsaming.....	21
2.4 Motsegn frå regionale organ.....	23
3 Rettleiing og kompetanseutvikling	25
3.1 Regionalt planforum	26
3.2 Plannettverk.....	27
3.3 Plankonferansen 2018 – Planlegging for bærekraft i kystsona.....	27
3.4 Forum for regionsenterkommunar og Regionsenterringen	27
3.5 Introduksjonsdag for nye planleggjarar	28
3.6 Mentor-ordning for nye planleggjarar i kommunane	28
3.7 Forsking og utdanning	28

Føreord

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Gjennom regional planrapport skildrar fylkeskommunen status for regional og kommunal planlegging i Hordaland for 2018, sett i samanheng med tidlegare år. I rapporten er det særleg dei arealretta kommunale planar som får merksemd.

Planrapporten rettar seg mot alle som er interessert i regional og kommunal planlegging, til dømes politikarar, forvalting, planleggarar, studentar eller andre som er interesserte i dette feltet. Tala i rapporten er i hovudsak basert på fylkeskommunens rapportering til KOSTRA, Hordaland Fylkeskommune sin eigen statistikk over inkomne planar på høyring, politiske saker og Fylkesmannen sin årsrapport for 2018.

I 2018 var det avklart at Hordaland og Sogn og Fjordane skal gå saman til eitt fylke. Fylkestinga i begge fylka gjorde vedtak om at neste planstrategi skal vera felles for dei to fylka (Fylkestinget i Hordaland 12.juni 2018).

Innan regional planlegging var det i 2018 fokus på arbeidet med gjennomføring av regional planstrategi og andre vedtekne planar. I 2018 fekk vi midlar til fleire prosjekt som følger opp tiltaka i våre regionale planar:

- Kartlegging av sykkel-infrastruktur i regionsentera kring Bergen.
- Kartlegging av parkeringstilhøva i senter i Bergensområdet, med rapport om felles faglege tilrådingar for parkeringspolitikk i Bergensområdet.
- Forprosjekt for regionalt bustadbyggeprogram
- Utarbeiding av prosjekt om korleis byliv og handel påverkar kvarandre, med mål om å få auka sentrumsetableringar og byliv i sentera i Bergensområdet gjennom samarbeid mellom handelsnæringa, kommunar og regionale myndigheter.

Innan kommunal planlegging syner tala frå 2018 at det var ein nedgang i talet reguleringsplanar på høyring og oppstartsvarsel. Det var ei auke i tal kommune(del)planar på høyring og høyring av planprogram.

Hordaland fylkeskommune har mål om å vere i dialog i utviklinga av hordalandsamfunnet. Regionalt planforum har vore ein viktig møtestad for kommunar og andre forvaltingsorgan for planar som er under arbeid. I 2018 vart 19 planar drøfta i planforum.

Bergen, 09.09.19

Eva Katrine Ritland Taule

Konstituert plansjef, Planseksjonen, Regionalavdelinga

1 Regional planlegging

1.1 Regional planstrategi

Fylkestinget skal vedta regional planstrategi for kvar fylkestingsperiode seinast eitt år etter konstituering. Den regionale planstrategien er ein overordna utviklingsplan for fylket dei komande fire åra. Gjeldande regionale planstrategi for perioden 2016-2020 vart vedteken i fylkestinget i desember 2016. Planen har langsiktige mål som seier at Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande.

Hovudmåla i planen er at Hordaland skal ha:

- Høg sysselsetjing
- Eit inkluderande samfunn
- Ei klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Dei langsiktige måla har tidshorisont ut over 2020 og er referansebakgrunn for å vurdera kva utfordringar fylket står framfor på både kort og lang sikt. Hovudmåla er utforma ut i frå den aktuelle situasjonen i 2015, og ut i frå dette kva satsingsområde fylket skal ha i perioden 2016-2020 for å oppnå dei langsiktige måla.

Arbeidet med gjennomføring av føringane i regional planstrategi har halde fram i tråd med retningsliner for sakshandsaming og regional planlegging. Budsjett, verksemdplanar og rapportering i fylkeskommunen fylgjer opp vedtekne mål og strategiar.

I 2018 var det avklart at Hordaland og Sogn og Fjordane skal gå saman til eitt fylke. Fylkestinga i begge fylka gjorde vedtak om at neste planstrategi skal vera felles for dei to fylka (Fylkestinget i Hordaland 12.juni 2018). Det blei gjort ei vurdering av framdrifta i arbeidet med dei regionale planane i planstrategien i høve til trong for samordning over fylkesgrensene. Framdriftsplanen for regionale planar i planstrategien er derfor endra.

Fylkestinget har utsett arbeidet med fylgjande planar i Hordaland til nytt fylkesting er konstituert.

- Regional plan for næringsutvikling
- Regional klima- og energiplan
- Regional plan for areal-, natur- og kulturminneressursar
- Regional plan for kraftutbygging

Regional plan for godshamn er avhengig av kva standpunkt regjeringa tek i godshamnspørsmålet. Bergen kommune og Fjell kommune er samde om å flytte godshamna frå Bergen til Fjell kommune.

Arbeidet med felles kunnskapsgrunnlag for ny regional planstrategi starta opp i 2018. Fylkestinga i begge fylke delegerte ansvar for førebuingane til fellesnemnda for Vestland fylkeskommune som vidaredelegerte til arbeidsutvalet i møte 22.juni 2018. Opplagg for ein omfattande dialog md kommunar, næringsliv og lag og organisasjonar gjennom regionale samlingar blei vedtatt i arbeidsutvalet 10.09.2018. Det blei også lagt opp til spørreundersøking i dei same gruppene.

Arbeidet med ein felles rapport om Vestland – statistikk og utviklingstrekk blei sett i gong. Førebuing av dialogmøte og spørreundersøking kom i gang hausten 2018.

1.2 Våre regionale planar - ny aktivitet

1.2.1 Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet vart vedtatt i Fylkestinget 14. juni 2017.

Planområdet omfattar kommunane Bergen, Radøy, Meland, Lindås, Askøy, Fjell, Øygarden, Sund, Osterøy, Vaksdal, Samnanger og Os.

Planen gir strategisk retning for utviklinga av Bergensområdet innanfor berekraftige rammer. Eit meir konsentrert utbyggingsmønster og satsing på kollektivtransport, sykkel og gange skal bli gjennomført for å møte befolkninga sitt mobilitetsbehov og styrke næringslivets konkurransekraft. Det skal takast omsyn til langsiktig grønstruktur, jordvern, samt gode nærmiljøkvalitetar. Mål om nullvekst i personbiltrafikken er eit sentralt og viktig mål i planen. Eit av hovudgrepa i planen er å definere regionale vekstsoner der hovuddelen av vekst i bustader og arbeidsplassar bør skje.

Det er sett fokus på fem plantema som det er knytt mål og retningslinjer til:

- Senterstruktur og utbyggingsmønster
- Regionalt transportsystem
- Bustadområde
- Næringsareal og arbeidsplassar
- Natur, kulturmiljø og landskap

Som oppfølging av handlingsprogrammet til Bergensområdeplanen har ein arbeida med tre prosjekt saman med kommunane Fjell, Os, Askøy, Lindås og Bergen, med delfinansering frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

I arbeidet med å styrke satsinga på syklistar i regionen har ein kartlagt sykkelinfrastruktur i regionsentera rundt Bergen. Ein har også utarbeida ei kartlegging av parkeringstillhøva i senter i Bergensområdet, og fått utarbeida ei rapport med felles faglege tilrådingar for parkeringspolitikk i Bergensområdet. Til slutt har ein starta opp eit forprosjekt for eit regionalt bustadbyggeprogram som skal koordinere og sikre ei balansert bustadbygging i området. Etter nye tilskot frå kommunal- og moderniseringsdepartementet vert arbeidet med bustad og sykkel vidareført i 2019.




1.2.2 Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Kystsoneplanen omfattar sjøareal og strandsone i kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Fusa, Jondal, Kvam, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes samt sjøareal i Vindafjord kommune, Rogaland.

Hovudmålet med planen er at kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet. Det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringar i området kan utvikla seg vidare til å vere lønnsame og konkurranse-dyktige i eit langsiktig perspektiv innafor rammene av ei berekraftig utvikling. Det skal leggjast vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning i kystsona.

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger vart vedteken av Fylkestinga i Hordaland og Rogaland i oktober 2017.

Etter at planen var vedteken, har Austevoll, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad og Sveio kome med vesentlege innvendingar til planen etter §8-4 i plan- og bygningslova. Planen vert difor handsama av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Etersom arbeidet med Interkommunal kystsoneplan er lagt på is, er Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger vorte enda viktigare for å sikre at strandsona i fylket vert handsama etter same retningsline og mål. Planen har difor likevel endeleg verknad, også medan planen er hos departementet.



1.2.3 Regional plan for attraktive senter - tiltak, tilskot og prosjekt

Regional plan for attraktive senter i Hordaland, vedtatt i 2014, har som hovudmål at fylket skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Oppfølging av planen gjennom prosjekt, tiltak, tilskot og rådgiving til kommunar er avgjerande for å nå dette målet.


Den regionale planen inneheld eit handlingsprogram med ei rekke tiltak. I 2018 har vi hatt spesielt fokus på følgjande tiltak;

Tiltak 2.1 Fastsetje sentrumsutstrekning i fylkessenter, regionsenter og bydelssenter

Saman med Os kommune har gjennomført eit pilotprosjekt for å teste ut metodar for fastsetjing av sentrumsutstrekning i sentera i kommunen. Kommunen har samla sine erfaringar i ein rapport.

Tiltak 4.1 Mal for handelsanalyse og 4.2 Handelsstatistikk for Hordaland

Vi utarbeida i 2017 ein brukarvenleg mal for korleis ein handelsanalyse kan gjennomførast i tråd med retningslinjer gitt i Regional plan for attraktive senter, samt gjorde tilgjengeleg statistikk for bruk i handelsanalysearbeid på [statistikk.ivist.no](https://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/planlegging-av-handelsareal/). I 2018 har vi utarbeida eigne nettsider for handel og planlegging på [hordaland.no](https://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/planlegging-av-handelsareal/): <https://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/planlegging-av-handelsareal/>. Her vert handelsanalysemalen presentert, saman med rutinar for samtykke og gjeldande krav, og det er linka til handelsstatistikken.



Lokalt og regionalt samarbeid

Å styrke urbane kvalitetar i sentrum kan gje positive ringverknadar i form av auka næringsutvikling, meir liv i sentrum og auka trivsel for lokalsamfunn og besøkande. Lokalisering av fleire aktivitetar til sentrum og funksjonsmangfald kan gje synergieffektar både på kort og lang sikt.

«Suksessfaktoren» for gode resultat i tettstadsutvikling har vist seg å vere godt organiserte og breie samarbeidsprosessar lokalt og regionalt. Offentleg/privat samarbeid, engasjement og eigarkjensle blant innbyggjarar og næringsdrivande kan vere ein føresetnad for å få gjennomslag for større sentrumsprosjekt som i praksis krev stor innsats - og midlar - over mange år for å verte realisert.

Fylkeskommunen samarbeida i 2018 med ei rekke kommunar om senter- og stadutvikling, tilbydde rettleiing i konkrete plan- og utviklingsprosjekt og formidla tilskot til utviklingsstudiar og til planlegging og realisering av fysiske prosjekt.

Tilskot til kommune- og tettstadplanlegging i 2018:

Kommune	Prosjekt	Tilsegnssum
Odda	Utvikle Lindeplassen	150 000
Austevoll	Det blå steget	150 000
Kvinnherad	Muligheitsstudie attraktive møteplassar	150 000
Stord	Handelsanalyse	150 000
Fjell	Handelsanalyse	50 000
SUM		650 000

Tabell 1 Tilskot til kommune- og tettstadsplanlegging frå Hordaland fylkeskommune

Utvikling av attraktive senter i Hordaland er også eit av innsatsområda i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN). Relevante prosjekt med dette som føremål kan få støtte frå midlar knytt til HNN. Tabellen syner prosjekt som fekk tilskot frå Handlingsprogram for næringsutvikling i 2018:

Kommune	Prosjekt	Tilsegn, sum
Voss	Muligheitsstudie knytt til utvikling av Vossevangen	400 000
SUM		400 000

Tabell 2 Tilskot frå HNN-midlar



Lindeplassen, Odda.
Foto: Makers Hub

Prosjekt «Handel og byliv»

Eit godt handelstilbod er ein sentral del i det å skape levande senter. Der folk handlar, møtast folk. Senterplanen inneheld difor ein juridisk føresegn som seier at det berre er tillate med nytt bruksareal for handel i fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, bydelssenter og lokalsenter. Utpeiking av dei regionale og kommunale sentera skal skape føreseie for dei som vil drive næring, og for offentlege aktørar. Ved å seie ja til handel i senterområda og nei til handel utanfor, skal dei eksisterande butikkane og kaféane vere trygge for at det ikkje poppar opp nye handelssenter ein kort biltur unna. Ny handel plassert midt i mellom to senterområder spreiar handelen utover, medan nye handelstilbod i sentera vil styrke dei allereie etablerte butikkane og gje fleire menneske i gatene. Å samle tilbod til befolkinga skapar også samfunnsøkonomisk vinst fordi offentlege investeringar kan konsentrerast, og det legg grunnlag for eit effektivt og miljøvennleg transportsystem.

Vi utvikla i 2018 eit prosjekt som skal sette fokus på og identifisere korleis byliv og handel påverkar kvarandre. Prosjektet skal sjå på korleis handelsnæringa, kommunar og regionale myndigheitar kan jobbe saman for å få til sentrumsetableringar og auka byliv i sentera i Bergensområdet. Vi har søkt og fått midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til gjennomføring av prosjektet i 2019 og 2020.

Prosjekt – «Utvikling av bærekraftige senter gjennom aktiv involvering av vidaregåande opplæring»

Hordaland fylkeskommune har tatt initiativ til etablering av eit Erasmus+ Strategisk partnerskap, med tittel: «Utvikla bærekraftige senter gjennom aktiv involvering av vidaregåande opplæring».

Målsetjinga er å få til aktiv utvikling av bærekraftige og attraktive senter og byar gjennom utveksling av beste praksis når det gjeld samarbeid, involvering og deltaking av utdanningsinstitusjonar. Grunnleggjande element i prosjektet skal vera samarbeid mellom skule, næringsliv og kommune. To regionale senter i Hordaland inngår i prosjektet: Straume og Knarvik. Våre internasjonale samarbeidspartnarar representerer også skule og det offentlege, og kjem fra Umbria (Italia), Brüssel (Belgia), Barcelona (Spania), og Kranj (Slovakia).

Bakgrunnen for prosjektet er at Hordaland fylkeskommune er skuleeigar for 46 vidaregåande skular som og omfattar fagopplæring. Fylket har 33 kommunar. I fylket er det definert 13 regionale senter, eller bydelssenter med regionale funksjonar. EU har definert eit satsingsområde for utvikling av ny kunnskap, og prosjektet har som mål å utvikla strukturar og metodar for involvering av skular i næringslivet og i utvikling av sentra.

1.2.4 Regional plan for folkehelse - prosjekt «UU i vest 2025»

Bakgrunn for «UU i vest 2025» er at Hordaland skal vere eit universelt utforma samfunn innan 2025 nedfelt i «Regional plan for folkehelse». På våren 2018 fekk vi midlar frå Bufdir til å arbeide breiare med universell utforming og vi kalla satsinga «UU i vest 2025». Målet med prosjektet er å legge til rette for meir arbeide på tvers med å etablere møteplassar og auka kunnskap, for å skape større medvit og engasjement for UU i regionen. Fylkeskommunen har ei særleg rolle som regional samfunnsutviklar, og universell utforming er ei sentral i dette oppdraget. Derfor har «UU i vest 2025» to retningar, ei intern i Hordaland fylkeskommune for å etablere samhandling på tvers av avdelingar og fagområder, og ei ekstern retta mot kommunane som støttespelar og pådrivar i høve til vidare utvikling av fagfeltet.

Gjennom prosjektet har vi fått større oversikt over pågåande arbeid og fått avdekka behov for kompetanseheving og rutinar i Hordaland fylkeskommune. Det har vore positivt at det har vore eigne medarbeidarar med ansvar fagområdet og drifting av «UU-ringen», ein felles arena for utveksling av kunnskap og erfaringar med medlemmer frå alle avdelingane.

Som del av den eksterne satsinga i prosjektåret har vi fått kontakt med fleire kommunar som arbeidar målretta med universell utforming. Viktigast har det tette samarbeide med Stord kommune vore. Saman arrangerte vi eit felles kompetanseseminar for Sunnhordalandskommunar. Gjennom året har vi også hatt fleire møtepunkt med interesseorganisasjonar og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og utdanningsinstitusjonar. Vi har erfart et behov for at fylkeskommunen kan ta eit større ansvar som pådrivar og støttespelar for kommunane som ikkje har tema høgt på agendaen, men også som nettverksbygger mellom andre aktørar og organisasjonar innanfor feltet. Nasjonalt har det vore viktig at Hordaland fylkeskommune har vore medlem i KS sitt nettverk for universell utforming. Nettverket er ei arena for tettare samarbeid andre fylker og eit viktig møtepunkt med Sogn og Fjordane for felles satsing på universell utforming i Vestland.

1.3 Gjeldane regionale planar

Regional planlegging ligg til grunn for fylkeskommunal verksemd, og skal vere retningsgjevande for kommunal planlegging og statleg verksemd i fylket. Regionale planar kan ha rettsverknad ovanfor kommunane og private dersom det er knytt føresegnar til planen. Det er knytt føresegn til regional plan for attraktive senter om etablering av handel. Vedtekne gjeldande regionale planar pr. 31.12.2018 er lista i tabellen under:

Plan	Vedteken	Merknad
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft i Hordaland	2017	
Regional kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger	2017	Til vurdering i Kommunal og moderniseringsdepartementet
Regional transportplan for Hordaland	2017	
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet	2017	
Regional plan for areal og transport på Haugalandet	2016	Godkjent i Kommunal og moderniseringsdepartementet
Regional plan for Vassregion Hordaland	2015	Regional planstrategi 2016-2020 gjev at planen skal reviderast.
Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026	2014	
Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025	2014	Felles plan for kultur, idrett, friluftsliv, bibliotek og museum.
Regional plan for Nordfjella 2014-2025	2014	Felles plan for Hordaland, Sogn og Fjordane og Buskerud.
Klimaplan for Hordaland 2014-2030	2014	Regional planstrategi 2016-2020 gjev at planen skal reviderast.
Regional plan for folkehelse 2014- 2025	2014	Revidert handlingsprogram
Regional næringsplan for Hordaland	2013	Revidert handlingsprogram
Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei	2012	Felles plan for Hordaland, Rogaland, Telemark, Vest-Agder og Aust-Agder.
Regional plan for Hardangervidda	2011	Regional planstrategi 2016-2020 gjev at planen skal reviderast.
Fylkesdelplan for små vasskraftverk	2009	Regional planstrategi 2016-2020 gjev at planen skal reviderast.

Tabell 3 Gjeldande regionale planar

1.4 Regionale planar under arbeid i 2018

Plan	Planlagt vedtak	Merknad
Regional vassforvaltingsplan for vassregion Hordaland og Sogn og fjordane 2022-2027	2022	Gjeldande plan vart godkjent i 2016 og gjeld til utgangen av 2021.
Regional plan for Hardangervidda 2019-2035	2019	Planprogram vedteke 22.11.2018

Tabell 4 Regionale planar under arbeid i 2018

Regionale planar under arbeid i 2018 var «Regional vassforvaltingsplan for vassregion Hordaland og Sogn og fjordane 2022-2027» og «Regional plan for Hardangervidda 2019-2035». Sistnemnde vert utarbeidd saman med Buskerud fylkeskommune.

2 Kommunal planlegging



Rosendal sentrum

Dette kapittelet viser status på kommunal planlegging og handsaming i Hordaland fylkeskommune og andre regionale organ. Statistikken som vert presentert viser i hovudsak berre tal for kommuneplanens arealdel og arealplanar. Store delar av statistikken i delkapittel 2.1, 2.2 og 2.3 er basert på innkomne saker på høyring til Hordaland fylkeskommune. Statistikken i 2.4 er basert på informasjon frå andre regionale etatar, hovudsakleg Fylkesmannen i Hordaland sine tal. Ulike informasjonskjeder fører til at det kan vere ein feilmargin i overføring av tala til andre etatar. Likevel vil hovudbiletet og trendane gi eit rett bilete av plansituasjonen i Hordaland.

2.1 Kommune- og kommunedelplanar


Kommune	Vedtak KPA	Vedtak KPS	Planlagt rullering
Askøy	2012	2015	KPA har vore under arbeid, men prosessen er sett i bero.
Austevoll	2013	2013	Vedtak KPA 2019. KPA og KPS er under arbeid. Venta off. høyring årsskiftet 2019/2020.
Austrheim	2019	2014	Vedtak KPA 2019.
Bergen	2019	2015	KPA på off. høyring i 2018. Vedteken 2019.
Bømlo	2013	2013	KPA og KPS er under arbeid.
Eidfjord	2011	2015	
Etne	2003	2016	KPA er under arbeid.
Fedje	2016	2013	
Fitjar	2012		KPS under arbeid.
Fjell	2015		
Fusa	2015	2011	
Granvin	2015	2005	
Jondal	2012	2015	
Kvam	2006	2016	KPA var på 1. gongs høyring i 2018, 2. gongs høyring i 2019.
Kvinnherad Mauranger Halsnøy Sandvoll, Åkra, Matre Ølve, Hatlestrand, Varaldsøy Rosendal, Husnes	2018 2005 2008 2012 1989 2003	2000	Kommuneplanens arealdel var på høyring hausten 2016. Grunna motsegn frå regionale organ vart ikkje planen vedteke i 2016 eller 2017. Vedtak skjedde vår 2018. Rullering av kommuneplan er igjen under arbeid.
Lindås	2011	2017	KPA under arbeid, var i planforum 28.11.2018
Masfjorden	2012	2012	Planprogram for rullering av kommuneplanen låg på høyring vinter 2016. Det er ikkje registrert høyring av planen i 2017
Meland	2014	2014	Temarevisjon oppstart 2017, høyring i 2019.
Modalen	2015	2015	
Odda	2007	2013	KPS er under arbeid i samarbeid med Ullensvang. KPA vil følge.
Os	2012	2015	KPA er under arbeid. (høyring 2019)
Osterøy	2011	2003	KPS er under arbeid.
Radøy	2011	2011	Temarevisjon av KPA, vedteken 2019.
Samnanger	2003	2007	KPA er under arbeid. 2. gongs høyring i 2017.
Stord	2011	2011	Kommuneplanen er under arbeid.
Sund	2011	2011	Det var venta oppstart av KPA i 2017, men det er ikkje registrert varsel eller høyring i 2017.
Sveio	2011	2011	Kommuneplanen er under arbeid. KPS var i planforum 30.10.2018
Tysnes	2012	2002	Under arbeid. Planprogram for KPA på høyring 2019.
Ullensvang	2011	2011	KPS er under arbeid i samarbeid med Ullensvang. KPA vil følge.
Ulvik	2016	2010	
Vaksdal	2007	2017	Kommuneplanen er under arbeid. KPS blei vedtatt i februar 2017.
Voss	2015	2015	Venta rullering årsskiftet 2019/2020.
Øygarden	2014	2014	

Tabell 5 Kommuneplanar, areal -og samfunnsdel. Forkortingar: KPA - kommuneplanens arealdel. KPS - kommuneplanens samfunnsdel

Kommune(del)planar på høyring


Kommuneplanen er ein langsiktig og heilskapleg plan som ikkje vert rullert kvart år. Talet på planprogram og planforslag på høyring for kommune(del)planar svingar difor kraftig. Årsaka til det høge talet planprogram på høyring i 2009 er truleg at den nye plan- og bygningslova vart innført. Frå 2009 til 2012 var det nedgang i talet planprogram på høyring. Dette har truleg samanheng med at det vart jobba med planforslag og kommunal planstrategi. Det er truleg denne trenden vi no ser igjen for perioden frå 2014-2016.

I 2013 gjekk talet på planprogram opp, med ein ytterlegare auke i 2014. Ut frå tala frå 2015 og 2016 kan det sjå ut som at det er ein begynnande trend, som i perioden frå 2009 til 2010, med nedgang i planprogram på høyring og planforslag på høyring grunna arbeid med planforslag og kommunale planstrategiar. I 2018 ser vi ein oppsving i høyringar av både planprogram og planforslag. 6 av dei 24 av høyringssakene er planprogram, 18 er planforslag.



Tabell 6 Kommune(del)planar på høyring, både planprogram og planforslag

Tema i fråsegna til høyring av kommune(del)planar



Tabell 7 Tema i høyringsfråsegna til kommune(del)plan, i prosent


Av dei 24 kommune(del)planane som låg til offentlig ettersyn hadde Hordaland fylkeskommune merknader til kulturminne og kulturmiljø i 20 av planane; senter- og tettstadutvikling i 14 av planane; ATP til 12 av planane og samferdsel til 19 av planane. Friluftsliv og landskap var det merknader til i 7 av planane. Ved innspel til oppstart vert det gjerne gjeve innspel til dei fleste interessene der fylkeskommunen har forvaltingsansvar.

Motsegn til kommune(del)planar

Utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland fylkeskommune kan fremje motsegn til arealplanar som strir vesentleg med mål i regionale planar eller sektorinteresser som fylkeskommunen har ansvar for å forvalte. Av dei 18 planforslaga til kommune(del)planar på høyring vart det fremja motsegn til 5 planar, alle gjaldt kommuneplanens arealdel. Bergen sin KPA var på to høyringsrunder med motsegn begge gongene. Austrheim, Kvam og Masfjorden fekk i 2018 motsegn til 1. gongs høyring av planforslag til KPA.

Kommune	Plansak	Grunngjeving
Bergen	KPA, 1. gongs høyring	Handel og kulturminne
Bergen	KPA, 2. gongs høyring	Handel
Austrheim	KPA, 1. gongs høyring	Handel, akvakultur, kulturminne
Kvam	KPA, 1. gongs høyring	Handel, kulturminne, akvakultur
Masfjorden	KPA, 1. gongs høyring	Kulturminne

Tabell 8 Motsegn til kommune(del)planar



Tabell 9 Motsegn til kommune(del)planar


2.2 Reguleringsplanar

Tal reguleringsplanar har gått ned


Med oppstart av reguleringsplanar vert detaljreguleringsplanar og områdeplanar registrert saman. Det same gjeld for høyring av reguleringsplanar der også planar til 2. gongs høyring er registrert. Både nye reguleringsplanar og reguleringsendringar er rekna med i tala for planar på høyring.

Det har tidlegare vore ein jamn nedgang i talet reguleringsplanar til både oppstart og høyring sidan 2008. For 2017 er det ein stigning i både kurvene, medan i 2018 går både tal på oppstartar og høyringsforslag ned, til lågare verdiar enn det har vore på 10 år med 158 oppstartsvarslar og 212 planar på høyring.

Nedgangen for høyringsforslag har vore låg også i 2016 (234), 2015 (224), 2011 (218) og 2010 (234). Når det gjeld oppstartar av planar er fallet enda tydelegare. Til samanlikning var tidlegare nedgang i oppstartsvarslar på 189 (2016) og 187 (2012).



Tabell 10 Reguleringsplanar til oppstart og høyring




Tabell 11 Talet detaljreguleringsplanar og områdeplanar til oppstart og høyring i 2018

Markant nedgang for Bergen og Askøy

I 2018 ser vi at kommunane Bergen og Askøy har hatt ein markant nedgang i antal reguleringsplanar på høyring enn i 2017. Askøy sine antal planar er meir enn halvert frå 31 planar i 2017 til 14 planar i 2018. Andre kommunar som Bømlo, Kvinnherad, Stord, Øygarden, Sund, Austrheim og Fitjar har hatt ein svak nedgang i 2018 etter oppsving i 2017. Fjell, Austevoll, Fusa, Eidfjord, Meland, Sveio og Tysnes har hatt ei auke frå 2017 til 2018. Os, Lindås, Voss, Askøy, Osterøy, Etne, Fitjar, Ulvik, Ullensvang, Samnanger og Granvin har hatt nedgang siste tre åra. Radøy, Kvam, Odda, Osterøy, Jondal, Vaksdal, Fedje og Modalen ligg omtrentleg på same nivå i 2018 som i 2017.

Bergen ligg på topp i statistikken med 66 reguleringsplanar i 2018. Bømlo hadde 33 og Fjell 24.



Tabell 12 Talet reguleringsplanar på høyring, kommunevis




Fitjar sentrum, som i 2018 vedtok å sette i gang arbeidet med sentrumsplan.

Kommune	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Askøy	38	30	29	33	36	40	32	43	35	31	14
Austevoll	28	29	33	17	13	22	33	21	27	23	24
Austrheim	11	2	4	7	3	9	8	2	6	9	4
Bergen	114	125	115	110	90	176	89	97	77	90	66
Bømlo	49	36	23	10	24	28	29	19	24	37	33
Eidfjord	10	12	9	4	3	8	8	6	12	4	6
Etne	6	18	7	8	5	12	17	12	12	7	3
Fedje	3	7	1	1	0	1	0	1	0	1	0
Fitjar	13	8	5	2	3	17	6	6	5	6	3
Fjell	36	63	30	38	37	52	42	40	33	24	26
Fusa	19	17	7	7	8	5	6	3	15	12	15
Granvin	2	5	7	5	8	6	6	4	0	2	0
Jondal	0	3	1	1	1	8	8	3	3	3	4
Kvam	18	29	22	17	22	23	27	19	10	8	8
Kvinnherad	24	35	45	24	18	16	29	17	13	23	20
Lindås	24	22	23	26	19	15	20	28	28	20	16
Masfjorden	9	8	6	6	5	5	6	6	8	4	4
Meland	10	7	4	17	8	8	9	3	7	9	12
Modalen	0	1	1	0	1	0	1	2	1	0	0
Odda	11	10	6	3	7	2	5	4	10	8	8
Os	40	34	19	23	17	26	44	36	32	19	16
Osterøy	19	12	4	7	7	7	10	5	11	6	5
Radøy	10	5	8	6	6	10	11	11	9	10	11
Samnanger	1	1	1	4	9	3	3	3	5	2	1
Stord	37	24	11	19	22	22	14	22	13	17	15
Sund	14	10	12	11	15	12	6	11	2	10	7
Sveio	13	12	18	9	17	5	9	3	9	3	6
Tysnes	10	9	4	3	2	8	9	2	3	2	5
Ullensvang	2	8	2	0	6	2	4	5	4	3	2
Ulvik	4	6	7	3	0	2	1	2	5	3	2
Vaksdal	5	5	2	6	3	3	2	2	4	0	4
Voss	37	40	27	25	29	26	18	17	24	21	16
Øygarden	16	18	13	13	5	10	9	7	9	13	11

Tabell 13 Talet reguleringsplanar på høyring

Konklusjonar i fråsegna frå Hordaland fylkeskommune



Tabell 14 Konklusjonar i fråsegna på høyring i 2018

Hordaland fylkeskommune gjev fråsegn til både oppstartmeldingar og reguleringsforslag på høyring. I 2018 fekk fylkeskommunen 212 reguleringsplanar på høyring, og 158 varslar om oppstart. 38 planar vart arkivert utan svar i 2018, mot 98 i 2017.

Hordaland fylkeskommune hadde i 2016 og 2017 ei auke i talet merknader til reguleringsplanar i høve til tidlegare år. Dette kan ha samanheng med oppfølging av regionale planar og at det vert gjeve klare innspel til korleis planen kan ta omsyn til regionale interesser. I 2018 er talet merknader framleis høgt, men noko lågare enn åra før grunna færre reguleringsplanar på høyring. Innspel på oppstart er høgt også for 2018 ettersom vi hadde færre saker arkivert utan svar enn året før. I 2018 vart det fremja motsegn i 3 av reguleringsplanane som var på høyring, same talet som for 2016. I 2017 vart det berre fremja motsegn til 1 reguleringsplan. Tal saker som fekk varsla motsegn er også nokså like for 2016 og 2018.




Fitjar kommune har fått leikeplass i sentrum.

Tema i fråsegna

Tema som Hordaland fylkeskommune tek opp i fråsegner til oppstart og til høyring er knytt til forvaltingsansvar eller til mål i regionale planar. I kategorien planfagleg ligg mellom anna innspel til prosess, utgreiingsbehov, kvalitet på planmaterialet og andre tema knytt til rettleiing.

Tala frå 2018 syner at det i fråsegn til områdeplanar var kulturminne og kulturmiljø og samferdsel tema i over 60% av fråsegna. Senter og tettstadutvikling var tema i 50%, og samordna areal og transport samt landskap var over 45%.


I 2018 sine fråsegn til detaljplanar er det kulturminne og kulturmiljø som er mest kommentert, med 60% dekning. Samferdsel og landskap ligg i overkant av 35%, og arkitektur og estetikk ligg over 30%. Tema vilt og innlandsfisk, vassforvaltning og akvakultur har avgrensa tal for innspel i reguleringsplanprosessane.



Motsegn til reguleringsplanar

Hordaland fylkeskommune kan fremje motsegn til reguleringsplanar som i vesentleg grad påverkar fylkeskommunens sektoransvar eller målsettingar i regionale planar. Alle motsegnene skal vedtakast politisk av utval for kultur, idrett og regional utvikling.

Talet på motsegner til reguleringsplanar er lågt. I 2018 vedtok Hordaland fylkeskommune motsegn til 3 reguleringsplanar på høyring. Diagrammet viser uttaler frå fylkeskommunen til plansaker som var på høyring.



Tabell 17 Vedtekne motsegn til reguleringsplanar

Kommune	Plansak	Grunngjeving
Bergen	Reguleringsplan for Mulebanen	Kulturhistorisk miljø
Fjell	Reguleringsplan for Smålonane	Konflikt med handelsforskrift i <i>Regional plan for attraktive sentre</i>
Bergen	Reguleringsplan for Kristiansholm	Kulturhistorisk miljø

Tabell 18 Uttaler til reguleringsplanar med vedtekne motsegn i 2018.

2.3 Handel og samtykkehandsaming

Eit godt handelstilbod er ein sentral del i det å skape levande senter. Der folk handlar, møtast folk. Senterplanen inneheld difor ein juridisk føresegn som seier at det berre er tillate med nytt bruksareal for handel i fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, bydelssenter og lokalsenter. Utpeiking av dei regionale og kommunale sentera skal skape føreseie for dei som vil drive næring, og for offentlege aktørar. Ved å seie ja til handel i senterområda og nei til handel utanfor, skal dei eksisterande butikkane og kaféane vere trygge for at det ikkje poppar opp nye handelssenter ein kort biltur unna. Ny handel plassert midt i mellom to senterområder spreiar handelen utover, medan nye handelstilbod i sentera vil styrke dei allereie etablerte butikkane og gje fleire menneske i gatene. Å samle tilbod til befolkninga skapar også samfunnsøkonomisk vinst fordi offentlege investeringar kan konsentrerast, og det legg grunnlag for eit effektivt og miljøvennleg transportsystem.

Regional føresegn slår fast at dersom nytt eller samla bruksareal for detaljhandel i reguleringsplan eller ved søknad om byggeløyve/ rammeløyve overstig 3.000 m² krevst det samtykke frå fylkeskommunen. Det er delegert til fylkesutvalet (FUV) å gjera vedtak i saker om samtykke til handelsareal. Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) skal gje tilråding før vedtak i FUV. Fylkeskommunen skal ved handsaming av samtykkesøknad samrå seg med kommunen og fylkesmannen.

I 2018 har vi handsama 2 søknadar om samtykke til handelsareal. Ei sak som fylkeskommunen *ikkje* fekk til samtykkevurdering var kjøpesenter på Haukås på om lag 70 000 m² – eit senter på storleik med Lagunen. Her hadde Bergen kommune ved fagetaten feilaktig gjeve rammeløyve utan søke om samtykke. Fylkeskommunen skal gi samtykke til handelsareal på meir enn 3 000 m². Det gjeld både i bysentrum, tettstader og utanfor. Fylkesmannen oppheva kommunen sitt vedtak som ugyldig mellom anna av den årsaka. Departementet har gått lengre og meiner at det er grunnlag for å gjere om kommunen sitt vedtak.

Søknad om samtykke	m ² BRA	Uttale frå fylkesmannen	Innstilling frå fylkesrådmannen	Fylkesutvalet sitt vedtak
Bergen kommune: Haukås, kjøpesenter (kommunen sitt vedtak oppheva ettersom det mangla samtykke)	69.710	Ikkje handsama, ikkje gjeve samtykke	Ikkje handsama, ikkje gjeve samtykke	Ikkje handsama, ikkje gjeve samtykke
Øygarden kommune: Utviding av Rong senter med 1.500 m ²	8.800	Tilråding: Samtykke	Tilråding: Samtykke	Tilråding: Samtykke
Fjell kommune: Smålonane	19.000	Tilråding: Ikkje samtykke	Tilråding: Ikkje samtykke	Tilråding: Ikkje samtykke

Tabell 16 Handsaming av søknader til samtykke i 2018.

2.4 Motsegn frå regionale organ

Alle oppstartvarsel og planforslag vert sendt på høyring til regionale og nasjonale organ, som skal sjå til at deira interesser og forvaltingsansvar vert følgt opp i kommunale planar. Desse etatane kjem med fråsegn til planforslaga og kan fremje motsegn dersom planforslaget strir vesentleg med deira ansvarsområde.

Motsegsorgan	Motsegnskompentanse T 2/13 (august 2013)
Andre kommunar	Saker av vesentleg betydning for kommunen
Avinor	Lufftartsanlegg drivne av Avinor
Biskopane/Bispedømme	Kyrkjer og gravplassar
Direktorat for mineralforvaltning	Mineralske førekomstar, massetak og bergverk
Direktorat for samfunnsikkerheit og beredskap	Planar knytt til verksemdar som handterer farlege stoff, transport av farleg gods, brannsikkerheit, herunder tunnellar og underjordiske anlegg.
Fiskeridirektoratets regionskontor	Fiskeri, tang- og tarehausting
Forsvarsbygg	Forsvarets interesser
Fylkeskommunane	Kulturminne-, kulturmiljø- og landskapsomsyn, friluftsliv, samordna areal- og transportplanlegging, kjøpesenter, regional plan eller planstrategi, barn og unges interesser, universell utforming, fylkesvegar, havbruksinteresser og akvakultur.
Fylkesmennene	Forureining, herunder støy, lokalluft og klima, vassmiljøkvalitet, naturmangfald, landskap, friluftsliv, strandsone, samordna areal- og transportplanlegging, kjøpesenter, tilstrekkeleg bustadbygging, folkehelse, barn og unges interesser, universell utforming, samfunnssikkerheit, risiko og sårbarheit, jord- skogbruk og kulturlandskap.
Jernbaneverket	Jernbanar, jernbanetransport
Kystverket	Hamne- og farvassforvaltning, utnytting av sjøområde, kaianlegg, sjøverts transport.
Lufftartilsynet	Støyomsyn ved lufthamnsdrift og reglane om lufftartshinder, offentlege lufthamner som ikkje er drivne av Avinor.
Mattilsynet	Fiskehelse og fiskevelferd, drikkevatt
Noregs Vassdrags og Energidirektorat	Energi-, skred-, vassdrags og grunnvassspørsmål
Områdestyra for reindrifssaker	Reindrif
Politidistrikta	Kriminalitetsførebygging
Riksantikvaren	Kulturminne-, kulturmiljø og landskapsinteresser
Sametinget	Samiske kulturminne-, kulturmiljø og landskapsinteresser. Samisk kultur og næringsutøving.
Statens Vegvesens regionskontor	Riksvegar, vegtransport
Statsbyggs regionskontor	Bygginge- og eigedomspolitik og samfunnspolitiske mål i forhold til arkitektur.
Oljedirektoratet	Etablerte og planlagde landsanlegg og rørleidningar for petroleumsverksemd knytt til utvinning av petroleum på norsk kontinentalsokkel.

Tabell 19 Motsegsorgan

Sidan september 2013 har motsegner frå statlege etatar vorte koordinert gjennom Fylkesmannen i Hordaland. I praksis inneber ordninga at dersom statlege etatar meiner det er grunn for å fremje motsegn, skal Fylkesmannen involverast. Fylkesmannen i Hordaland kan stadfeste trongen for motsegn, men har også høve til å avvise motsegna. I 2014 kom eit nytt rundskriv som skulle utfylle rundskrivet frå 2013. Rundskrivet frå 2014 la opp til at koordinering av motsegner gjennom Fylkesmannen skulle vidareførast. Det vart også gjeve tydelegare retningslinjer der regjeringa la vekt på ein meir effektiv handsaming av kommunale planar. Det vart sett fokus på at det berre kan fremjast motsegn der det er naudsynt for å ivareta nasjonale og viktige regionale interesser, eller andre interesser med stor samfunnsmessig verdi. Den som fremjar motsegna må tydeleg vise kva nasjonal eller regional interesse motsegna er knytt til.

Plansaker til mekling hos Fylkesmannen

Motsegn inneber at kommunen ikkje kan eigengodkjenne planen. I praksis betyr det at planvedtaket vert utsett til ein har funne ei løysing med den motsegnsinstanden som har fremja motsegna. Meklingane må sjåast i samanheng med saker som har vore handsama i samordningsprosjektet med utvida dialog med kommunane. Mange motsegnssaker blir løyst der og berre nokre få av motsegna går vidare til mekling.

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Kommune(del)plan	3	2	0	3	3	1	1	0	0	3	0
Reguleringsplan	16	9	20	7	1	6	2	5	5	3	7
Meklingar totalt	19	11	20	10	4	7	3	5	5	6	7

Tabell 20 Talet plansaker til mekling hos Fylkesmannen

	Sak	Motsegn frå	Motsegnstema	Resultat
Fjell	Tveita, Ulveset - bustader	Fylkesmannen i Hordaland	Friluftsområde, landskap, BATP	Mekling førte ikkje fram, sendt til departementet for avgjerd
Fjell	Trettevika - bustader	Fylkesmannen i Hordaland	Flystøy, BATP, strandsone, barn og unge	Mekling førte ikkje fram
Fjell	Møvik – bustader	Fylkesmannen i Hordaland	BATP, strandsone	Mekling førte ikkje fram
Fjell	Smålonane - kjøpesenter	Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune	I strid med regionale føresegn for senter og handel, BATP	Mekling førte ikkje fram.
Sund	Spildepollen - kjøpesenter	Fylkesmannen i Hordaland	I strid med regionale føresegn for senter og handel, BATP	Mekling førte fram, semje om plan med endringar
Kvam	Kvednaskogen - fritidsbustader	Fylkesmannen i Hordaland	Natur- og friluftsområde, landskap	Mekling ikkje avslutta, delvis semje
Austevoll	Taranger – fritidsbustader	Fylkesmannen i Hordaland	Strandsone, natur og friluftsområde	Mekling ikkje avslutta, delvis semje

Tabell 21 Saker til mekling hos Fylkesmannen i 2018

Vanlegvis fører mekling til eit resultat som partane kan akseptere. Plansakene til mekling i 2018 har vore av ein slik karakter at mekling i dei fleste av dei ikkje førte fram. Fleire av desse sakene ligg no til handsaming i kommunane, nokre vil etter kvart vere klår til oversending til departementet.

3 Rettleiing og kompetanseutvikling



Leirvik sentrum, Stord kommune

Hordaland fylkeskommune legg vekt på god dialog, rettleiing og kompetanseutvikling. Det er fokus på dette mellom anna gjennom handsaming av kommunale plansaker, fagsamlingar med erfaringsutveksling, regionalt planforum, konferansar og informasjon via internett. I tillegg jobbar Hordaland fylkeskommune mot universitet- og høgskulemiljø for å bidra til forskning og utdanningstilbod innanfor planlegging.

3.1 Regionalt planforum

Regionalt planforum er eit samarbeidsforum for kommunalt og regionalt nivå, der kommunane har høve til å diskutere planarbeid med regionale myndigheiter samla. Det er Hordaland fylkeskommune som leier og koordinerer planforum. 19 plansaker vart handsama i 2018, av dette 8 kommuneplanar og resten kommunedelplanarar eller reguleringsplanar. Ein plan var forslag til strategisk planprogram – ein planform vi trur ein vil sjå meir til framover.

Årssamling for regionalt planforum vart arrangert i september med fokus på kommunal og regional planlegging. Det vart her orientert om bruk av innsigelse i planleggingen av Statens vegvesen, og NVE hadde ei orientering om trygg utbygging. Fylkesmannen orienterte også om samanslåinga av dei to fylkesmannsembeta til Fylkesmannen i Vestland, og reflekterte kring verknader for regionalt planforum. Planar som er tekne opp i planforum er i hovudsak kommune(del)planar, men områdeplanar og større detaljplanar har også vorte lagt fram i planforum.

Dato	Kommune	Planarbeid
30. januar	Meland kommune	Planprogram for rullering av KPA
	Bømlo kommune	Planprogram for rullering av både KPA og KPS
20. februar	Fjell kommune	Reguleringsplan for ny fylkesveg FV561 Kolltveit - Ågotnes
		Reguleringsplan for ny fylkesveg FV555 Kolltveit – Vorland, Sund
27. februar	Øygarden kommune	Kollsnes næringspark, 2 reguleringsplanar inkl CO ₂ -anlegg
29. mai	Kvinnherad kommune	Planprogram for rullering av KPA
		Planprogram for rullering av KPS
12. juni	Vaksdal kommune	Framlegg til kommuneplanens arealdel
	Bømlo kommune	Planprogram for rullering av KPA
28. august	Vaksdal kommune	Detaljregulering av Dale stasjon
25. september	Meland kommune	Områdeplan for Midtmarka og Rotemyra, Flatøy
30. oktober	Sveio kommune	Framlegg til kommuneplanens samfunnsdel
	Voss kommune	Sentrumsplan for Vossevangen
27. november	Lindås kommune	Områdeplan for Ostereidet
28. november	Bergen kommune	Forslag til Strategisk planprogram for Laksevåg
11. desember	Lindås kommune	Framlegg til kommuneplanens arealdel, og Kommunedelplan for Knarvik - Alverstraumen
	Meland kommune	Områdeplan for Langelandsskogen

Tabell 22 Oversikt over planar drøfta i planforum i 2018

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Kommune(del)planar	14	9	9	5	16	12	5	9	9
Områdereguleringsplanar	4	9	4	2	7	3	3	5	4
Detaljreguleringsplanar	1	0	2	1	1	2	0	3	5
Regionale planar	5	1	1	2	0	0	1	1	0
Strategiske planar	0	0	0	0	0	0	0	0	1
Totalt	24	19	16	10	23	17	9	18	19

Tabell 23 Regionalt planforum

3.2 Plannettverk

Hordaland fylkeskommune legg vekt på å auke plankompetansen i fylket gjennom planfaglege nettverk. Dei regionale planettverka fungerer som ein møteplass for alle som er involvert i kommunal planlegging, reguleringsplanar eller relevant sakshandsaming. Plannettverket er eit etablert tilbod som har fått stor oppslutnad og som bidrar til høgare plankompetanse i kommunane.

I plannettverk vert dei som er involverte i kommuneplanlegging invitert til nettverkssamlingar med ulike tema for å auke kunnskapsnivået i kommunane. Planseksjonen er sekretariat for plannettverka og samlingane finn som regel stad i Fylkeshuset. Hordaland fylkeskommune arrangerte i 2018 fire plannettverksmøte, dagsmøte, der målgruppa er planleggjarar i kommunane. Om lag 50 - 60 fagpersonar frå heile fylket deltek på desse fagmøta. Tema i 2018 var:

Dato	Tema
21. februar	Jordmassar som ressurs
9. mai	Kollektivknutepunkt
4.- 5. september	Den historiske staden
20. november	Handel og byliv

Tabell 24 Plannettverksmøte i 2018

3.3 Plankonferansen 2018 – Planlegging for bærekraft i kystsona

Plankonferansen er årleg og godt etablert. Konferansen er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland og Husbanken vest. Arrangementet rettar seg både mot relevante fagmiljø og mot regionale og lokale politikarar. Plankonferansen 2018 gjekk av stabelen 23. og 24. oktober med tema: «Planlegging for bærekraft i kystsona – sjøareal og strandsone».

Konferansen fokuserte på utfordringane i kystsona, nasjonal politikk på området, regional og kommunal planlegging for sjø- og kystområda, viktig kunnskapsgrunnlag, og erfaringsdeling. Konferansen gjekk i ulike sesjonar nærare inn på tre tema: Akvakultur – Strandsona – Kunnskapsgrunnlaget.

Dag 1 dekkar tema som nasjonale føringar; kystsonoplanlegging i Vestland; erfaringar frå andre fylker; miljømessig bærekraft og frivillig arbeidskraft. Dag 2 fortsette med tema planlegging i sjø og strandsone; rammevilkår for heilskapleg forvaltning av areal og ressursar i kystsona; og om det kommunale sjølvstyret ved planlegging i sjø. Vidare delte deltakarane seg i tre ulike sesjonar: 1 – «Akvakultur – planlegging i dag og i framtida»; 2 – «Strandsona – ressurs og utfordring i planlegginga»; og 3 – «Kunnskap – grunnlag for planlegginga». 250 deltakarar var påmeldte i 2018.

3.4 Forum for regionsenterkommunar og Regionsenterringen

I 2016 vart det starta opp arbeid med å etablere eit forum for regionsenterkommunar, og ein regionsenterring. Føremålet med forumet er å fungere som eit samarbeidsorgan for dei ti kommunane i Hordaland med regionsenter (Askøy, Bergen, Fjell, Kvam, Kvinnherad, Lindås, Odda, Os, Stord og Voss) og Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland og Statens vegvesen.

Bakgrunnen er den regionale planen for attraktive senter i Hordaland der det er gjeve mål om å utvikle attraktive regionale senter, som grunnlag for vekst i heile fylket. Ansvaret er delt mellom kommunane, fylket, staten og private. For å få til dette er det viktig med god samhandling. Ved å legge til rette for eit forum for regionsenterkommunar er det mål om å skape eit godt miljø for kunnskaps- og erfaringsdeling, og å koordinere og samordne bruken av verkemiddel og ressursar knytt til regionsenter.

Regionsenterringen sitt mandat er å samordne og representere fylkeskommunen sine ressursar og interesser relatert til regionsenter opp mot kommunane. Møtefrekvensen er etter behov, og er tilpassa aktivitetar i Forum for regionsenter-kommunar. I 2018 var Regionsenterringen i på Askøy og i Knarvik. På Askøy 13.02.2018 var

det fokus på planar for Kleppestø; innfartsparkering; kollektivknutepunkt; vidaregåande skule; kulturhus og idrettsanlegg. Det var også synfaring i Helseparken og på skuleområdet. I Knarvik var det også orienteringar om planar i regionsenteret, og elles var tema Knarvik vidaregåande skule; skulen kopla opp mot sentrumsutvikling; kommunal planlegging av regionsenteret; kollektivtransport; kulturhus og idrettsanlegg. Det var også ei synfaring til Knarvik vidaregåande skule og ned til sentrum.

3.5 Introduksjonsdag for nye planleggjarar

Fyrste gong Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland og Kartverket i Bergen arrangerte introduksjonsdag for nyleg tilsette planleggjarar i kommunane var i juni 2015. Dette var ein suksess, og vi har ambisjonar om å la dette vere eit årleg arrangement. Målet med introduksjonsdagen er å gjera det lettare for tilsette i kommunane å få eit overblikk over ansvar og arbeidsmåtar for dei tre regionale etatane, og å få møta aktuelle medarbeidarar hos etatane. Det er også eit mål å gje deltakarane oversikt over korleis ein kan henta råd og støtte for kommunalt planarbeid. I tillegg ønskjer fylkeskommunen å bidra til å skape nyttige nettverk. Interesse har vore aukande og i 2018 deltok 22 planleggjarar frå til saman 10 kommunar.

3.6 Mentor-ordning for nye planleggjarar i kommunane

KS har sett fokus på at det i mange mindre kommunar er lite kapasitet for planlegging etter plan- og bygningslova. Mange kommunar har få, ofte berre ein planleggjar, - som til dels er tillagt fleire ulike fagoppgåver. Etter søknad frå KS har KMD finansiert ei pilotordning der nye planleggjarar i mindre kommunar kan få ein mentor dei kan spørja om råd og samarbeida med i plansaker. Hordaland fylkeskommune vart utfordra av KS til å gjennomføra ein slik pilot i 2017 – 2019, men då i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Frå Hordaland deltek 4 planleggjarar frå 4 kommunar og 2 mentorar i prosjektet. Frå Sogn og Fjordane deltek 5 planleggjarar frå 5 kommunar og 2 mentorar. I 2018 var det to samlingar – ein i Sogndal og ein i Bergen/Vakdal

3.7 Forsking og utdanning

Hordaland fylkeskommunane har ansvar for å styrke forskning som kan fremje utvikling i fylket vårt. Vi jobbar med å auke forskingsinnsats i privat og offentleg sektor og stimulere til forskning som bidrar til innovasjon og verdiskaping. Dette gjer vi gjennom å samarbeide med andre aktørar i eige fylke, regionalt og nasjonalt.

Prosjekt	Om prosjektet	Leiing av prosjektet	Vår deltaking
Govland	Forsking om statleg styring av kommunane innan areal- og naturressursforvaltning.	Universitetet i Bergen med samarbeidspartar	Planseksjonen er brukarrepresentant
Spaceergy	Forsking med føremål å utforska energivenlege plan- og utbyggingsformer.	Høgskolen i Bergen med samarbeidspartar	Planseksjonen er brukarrepresentant
Coreplan	Kunnskapsinnhenting om korleis naturenbbetre kan verdsettast og innlemmast i planverket. Studie av løysingar for ein meir heilheitleg og berekraftig forvaltning av areala i kystsona.	Nofima / Tromsø	Representasjon frå Planseksjonen i refereansegruppa
PlanCoast	Undersøker rammevilkårene for ei heilheitleg forvaltning av areal og ressursar i kystsonen på tvers av sektorar og styresmaktnivå.	NMBU og NIBR	Representasjon frå Planseksjonen i refereansegruppa
HordaKlim	Undersøking om korleis nye typar av klima-prosjeksjonar på lokalt nivå kan bli skreddersydd for å møte kommunane sine behov for tilpassing til klimaendringar.	Uni Research, støtta av RFF	Representasjon frå Planseksjonen
HordaPlan	Oppfølging av «HordaKlim» ved å studere korleis kunnskapen kan bli implementert og inkludert i planaktivitet og beslutningstakingsprosessar på lokalt nivå.	Uni Research, støtta av RFF	Representasjon frå Planseksjonen

Tabell 25 Prosjektsamarbeid og forskning i 2018



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

